



## Notat

Dato: 28.04.2015  
Arkivsak: 2015/85-24  
Saksbehandlar: rolrose

---

Til: Samferdselsutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Opprydding etter utbyggjing av bybana

På møte i samferdselsutvalet den 18. mars 2015 stilte representanten Gustav Bahus (FRP) slikt spørsmål.

*Kva er rutinar og reglar for opprydding etter utbyggjing av bybana. Vil peika på at det er viktig å oppretthalda eit godt omdøme etter at utbyggjinga er ferdig.*

Spørsmålet har vore førelagt Bybanen Utbyggjing, som er ansvarleg for gjennomføring og ferdigstilling av bybaneanlegga.

Bybanen Utbygging sine byggeaktivitetar er fundert i vedtekne reguleringsplanar og grunnavtalar. I dette ligg bl.a. planar for oppfølgjing av krav knytt til utslepps- og avfallshåndtering, og krav knytt til gjennomføring av byggeprosessane. I det siste ligg detaljering av korleis det ferdige produktet skal vera.

I samband med overtakingsprosessane frå entreprenørane til Bybanen Utbygging ligg det rutinar med fleire befaringar med føremål å sikra at rett kvalitet vert levert. I dette ligg det og at entreprenøren har rydda arbeidsområde og leverar eit produkt ferdig til bruk (eller til bruk for neste entreprenør, viss det er aktuelt).

Det følgjer av lov og forskrift at entreprenørane skal etablera miljøoppfølgjingsplanar. Denne omfattar mange forhold, men det er verdt å nemna at kjeldesorteringsgraden på avfall ligg på ca 90%, noko som er betre enn målsetjinga. Bybanen Utbygging har engasjert eigen miljøkoordinator som følgjer dette opp. Som ei følgje av Byggherreforskrifta skal BU sjå til at entreprenørane vert fylgt opp i byggefase, og at det er dedikert personell hjå byggherren for dette («koordinator utbyggingsfasen»). Desse følgjer opp under heile byggefase, også i forhold til orden og ryddigkeit.

Bybanen Utbygging sin rolle er å avslutta med levering av anlegget til driftsorganisasjonen (Bybanen AS). I dette ligg og ein liknande rutine som ved overtaking frå entreprenør, med befaringar kor bl.a. rydda anlegg er eit tema.

